

# Den gamle kyrjeklokka.

Eit gamalt segn dukker opp i minnet.

Det var om ein mann so var så uheldig at straumen tok garnsetninga hans. Han rodde og rodde for å sjå kvar det hadde blitt av dubbelet eller bøya, men same kor han glodde så fann han det ikkje att.

Då var det berre eit å gjere, det var å sokne. Han fann seg ei passende helle som han ville slepe langst botn for å fange opp garna. Etter mange mange forsøk var han i ferd med å gi opp. Han hala hella opp mot båten, -"eg får prøve ein gong til" sa han til seg sjølv og slepte tauet og såg at hella for skjivlande ned gjennom sjøen. Då plutseleg høyrde han ein sår klang frå djupet. Det var som ei klokke som ropa om hjelp!

Om mannen fann att garna sine og korleis resten av segna var, har eg nok gløymt, men eit gamalt utklipp frå Sunnmørsposten frå 1983 laga liksom ein link frå segna til det som sto i avisutklippet. Eg fann også fram boka om Sykkylven kyrkje 1883- 1983 og ved å bla til side 160 fann eg interessante opplysningar:

I den gamle krosskyrkja på Aure var det ei svær klokke som var ei gåve frå sjølvaste kongen. I lageleg ver kunne klokka høyrast heilt til Velle. Hovedsoknet var Ørskog og at klokka i anekset Sykkylven var så mykje sværare var ikkje rett meinte ørskogbygdarane. Klokka vart henta og skulle fraktast til Ørskog på båt, men ved Aursnesodden kollsigle båten og klokka gjekk til botnar.

Magrethe Olsdr. Abelset syntest truleg synd i dei klokkelause sykkylvingane og kjøpte ei anna klokke til "Søchellen kirke på Søndmør, støbt hos M.Tomas Lydersen Bergen anno 1719.

Dette gjorde ho for å hedre farmor si frå Riksheim. Det var denne klokka som fall ned og smelta i kyrkjebrannen i 1983.

Historia kunne enda her hadde ikkje vore for ein tannlege og rotarymedlem Kårstein, som også har aner frå Riksheim, om ikkje i slekt med jomfru Magrethe. Han tok initiativ og hadde forbindelse til marinen slik at KNM Tana med kaptein Peter Reed Larsen og mannskapet hans la inn ein øvelse med søk etter den gamle kyrjeklokka. Frå Ausneset vart det stilt med nåverande rotarymedlem Per Arne som kjentmann. Han oppga at han kjende dei fleste garnseta rundt Aursnesodden. Ordførar Johan Welle var også sjølskreven til å vere med på søket.

Ein armada av småbåtar fylde med arbeidet på nært hald, men måtte berre konstantere at dykkarane signaliserte null funn. Ved hjelp av sonar og avansert utstyr vart store steinar registrerte. Alt vart plotta inn på kartet og undersøkt av dykkarane. Men nei du. Det var ingen med klang i. Heile området rundt Aursnesodden vart nøye undersøkt.

For dykkerane Jan Halstensen og Joel Panlin var nok dette ein del av ein øvelse, men dei syntest historia var god.

Eg har framleis utklippet og under har eg notert.


”Eg hugsar godt denne leitinga og var skikkeleg imponert over det tekniske utstyret om bord i KNM Tana. Var inne på tanken om det var mogleg å finne egensvingefrekvensen for klokka og sende lydbølger gjennom sjøen slik at den ga lyd frå seg.”

-Det blei inga klokke og heller ingen klokkeklang.

Så til trøst for oss alle: Ewig eies kun det tapte!

-----

## Marinen skal leite etter kyrkjeklokka



*\* Ordførar Johan Welle ( frå v.) Per Arne Aursnes, løytnant Morten Maibom løytnant Peter Reed-Larsen og Karlstein Blindheim med » skattekartet» mellom seg, før ein startar søkinga etter kyrkjeklokka.*

I går kom KNM » Tana» frå Håkonsvern, for å leite etter kyrkjeklokka som Kommanderande ombord - Løytnant Peter Reed- Larsen sier til Bygdeposten at dei er på veg nordover, og då dei hadde litt ekstra tid, så tok dei seg ein tur innom etter oppmoding frå kommunestyret. Båten er ein 470 tonn stor

minejaktar med eit mannskap på 40 der fire er dykkarar. - Sjølve søkinga skal gå føre seg med sonar. Sonar en er spesialkonstruert for å finne miner, og ein reknar med at dersom ikkje bunnforholda er for vanskelege, så skulle det vere mogleg å observere metall-genstander på botnen. Om nokon av desse kan tyde på å vere klokka, så må det eventuelt sendast ned dykkarar for å få dette avklara. Løytnant Morten Mei -bom, seier til Bygdeposten at ein sveipar fort over heile det aktuelle området utanfor Aursneset, fram til lunsj, — og ein får då vone at eit resultat føreligg.



Sunnmørsposten mars 1983

# **Resultatlaust, trass i avansert leiting: Kyrkjeklokka framleis borte**

Helge Sjøvik

Sykkylven:- Beklager, vi gjorde så godt vi kunne, smiler løytnant Peter Reed-Larsen, etter at han og mannskapet hans ved 15.30 tida i går laut gi opp gi opp leitinga etter den gamle kyrkjeklokka, som for kring 275 år fall over bord og sokk ved Aursnesodden. I fleire timar vart det sokna etter den historisk verdfulle klokka. Det mest avanserte utstyr vart teke i bruk frå marinejaktfartyet KNM Tana.. Det var søkt med sonar, og dei mest interessante punkta vart nærare studert av seks dykkarar.

Vi registrerte fleire ting ned til 100 m djupn og gjennomførte eit område på 200 og 300 m nedtil den maksimale djupna som våre folk kan operere på, nemleg

femti meter. Vi hadde gode signal, men diverre ikkje frå kyrkjeklokka. Seier Reed-Larsen som er skipssjef på «Tana».

Det vart sveipa over eit betydeleg område langs begge sider av Aursnesodden. Og etter visning frå kjentfolk vart det konsentrert om eit parti mellom Aursnesodden og industriområdet på Aursnes.

- Vi vurderte det slik at den båten som skal ha frakta klokka, har helde seg nært med land. Vi går ut frå at det vart brukt ein mindre båt, og at folk ikkje var serleg symjeføre på den tida. Vidare har vi fått opplyst at froskemenn har leita etter klokka lengst inne ved land. Vi valde derfor å konsentrere oss om eit område litt lenger ute på fjorden. Dei beste signala vi har fått, kan vere frå rullestein, som det er mykje av i dette området.

Det er målt djupner på ned til 300 meter noko lenger ute, og dersom ein skal leite her, trengst det undervassfarty. Dersom ein vil satse på slikt utstyr, vil kostnaden ligge langt over det denne operasjonen kosta.

Om kyrkjeklokka kan ha lagt seg til ro så langt under sjøflata, veit sjølvsagt ingen. Reed-Larsen tvilar på om ho kan ligge i det området som var gjennomført i går, av di det vart gått grundig til verks også frå dykkarane si side.

Operasjonen var omfatta med interesse. «Tana» starta arbeidet ved 9-tida, og før det hadde både ordførar Johan Welle og ein annan kommune-politikar, Karstein Blindheim, som hadde teke initiativet til leiteaksjonen, vore om bord og helsa på mannskapet og gitt sine informasjonar. Ein kjentmann, Per Ame Aursnes, vart stilt til rådvelde for mannskapet.

Fleire småbåtar fylgde den første delen av arbeidet på nært hald, og frå land var det fleire menneske som vende blikket mot fjorden og minejaktfartyet og fylgdebåten som heldt kontakten med dykkarane ut over føremiddagen og ettermiddagen. Men etter at dei to siste dykkarane kom opp til sjøflata og melde negativt resultat, var det klart at kyrkjeklokka ikkje var funnen - i denne omgang. Om det blir gjort nye forsøk på å finne henne, veit ingen i dag.

Det finst truleg få skrivne detaljar kring hendinga ved Aursnesodden for 275 år sidan. Det ein veit var at klokka skulle fraktast frå annekskyrkja i Sykkylven til kyrkja i hovudsoknet Ørskog.

I festskriftet for Sykkylven kyrkje på 75-årsdagen, heiter det: «Det var slik ei svær klokke i krosskyrkja, vart det fortalt. Den var gåve frå sjølve Kongen etter kyrkjebrannen i 1706. Kyrkjeklokka kunne høyrast heilt til Velle når veret var lagleg. Men Sykkylven var anneks, og folket i hovudsoknet tykte det var urett at annekskyrkja skulle ha så svær ei klokke. Ein dag vart klokka teken ned og innskipa i ein båt for å førast til hovudsokna. Komne ut for Aursnesodden, kollsiglde båten, og klokka gjekk til botnar.»

Når dette hende, veit knapt nokon i dag. Men det må ha vore før 1719, av di inskripsjonen på den klokka som kom etter, har dette årstalet. Her lyder teksten: «Denne klokke er givet af Margrethe Olsdtr. Abelset til Söchelven kirke paa Søndmør og støpt hos M. Thomas Lydersen, Bergen anno 1719.» Denne klokka

heng framleis i Sykkylvskyrkja.

For mannskapet på KNM «Tana» var dagen likevel ikkje bortkasta. Som skipssjefen sa det: Vi fekk ei nyttig øving...

Fartyet kom ikkje eins ærend til Sykkylven. Det var på tokt nordover langs kysten, og tok ein dags avstikkar til Aursnesodden.